

Kven er med i Hjemmekokklauset?

27.10.2012

Kven er med i Hjemmekokklauset som no bur og arbeider på den praktfulle garden Fattoria Casamora i Toscana saman med superkokk Eyvind Hellstrøm? Er uskedelingen Elin Enes ein av dei 6 som har nokre av dei sikkert mest interessante dagar i livet sitt?

Diverre kan ikkje uskedalen.no svare på desse spørsmåla på grunn av av teieplikta som gjeld til lauset er i Noreg att. Jernia legg ut på nettet svært grundige reisebrev med informasjon om alt som skjer, men namna på medlemmene i lauset er unnateke.

Hellstrøm skriv på nettet at det var 400 som søkte om å få verta med i lauset og at 215 000 røysta på dei. Kandidatane gjorde sitt ytterste for å bli plukka ut og bidra til å redde landet frå ferdigmat og posesuppe, for å bruke Hellstrøm si eiga formulering.

Mykje matlidenskap er formidla og dei som har vore med i dysten har lagt for dagen eit brennande engasjement.

Gruppa møtte Hellstrøm først etter at dei kom fram til Toscana og dei 6 har forlengst fått visa kva dei kan på basis av lokale råvarer.

Hellstrøm har også med eit filmteam som dokumenterar det som skjer svært grundig og det er grunn til å venta brei TV-dekning etterpå. Teieplikta har truleg sin bakgrunn i fjernsynsproduksjonen.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Jernia